



## Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Levekårsutvalet	
	Kommunestyret	

  

Sakshandsamar:	Sektor oppvekst	Kristin Moe
	Arkivnr.: 15/3035	Klassering:

### Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028 – Kommunedelplan gjeldande frå haust 2016 blir vedteke slik den ligg føre.

#### Saksopplysningar:

##### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

##### Bakgrunn

Framlegg til Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028 er no ferdig frå rådmannen si side, etter godt arbeid i prosjektgruppa og referansegruppa, samt konkrete og nyttige innspel frå avdelingar og andre aktørar i høyringsperioden. Rådmannen har motteke 23 innspel i samband med høyringa.

##### Innspel og vurdering

Rådmannen har vurdert høyringsinnspela som er sendt inn, og prosjektgruppa har fått tilgang til alle innspela. Innspela er vurdert i både prosjektgruppa, referansegruppa samt styringsgruppa for prosjektet. Fleire av innsendarane gir positiv tilbakemelding på innhaldet i planen. Dette gjeld både med omsyn til visjon og målsetjing samt konkrete tiltak i planen, t.d. styrking av helsesterfunksjon i barnehage og skule, auka kapasitet til miljøtiltak i skule, fokus på tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats samt konsultasjonsgruppa sitt mandat. Dette er frå rådmannen si side svært gledeleg, då det signaliserer eit positivt grunnlag for implementering og vidare prosessar i einingar og avdelingar, gjennom arbeidet med verksemdsplanar og årshjul.

Rådmannen gir i det følgjande ei oppsummering og vurdering av innspela som er kome inn.

## **Ungdomsrådet**

Ungdomsrådet ber om:

- At det blir etablert fadderordning på skulen for elevar med flyktningebakgrunn
- At samanhengjande gang- og sykkelvegnett i Lindås kommune må speglast i alle kommunale planar der barn/unge er målgruppe
- At elevrådet ved skulane blir styrka og at det blir etablert gjennomgående representasjon mellom elevråd og ungdomsråd
- Lesetilgang for ungdom og foreldre til «foreldreportal» i Visma flyt skule, då ungdom ønskjer å halde seg oppdatert på eiga utvikling
- Fleire arenaer for ungdom som ikkje trivst i vanleg skulekvardag. Treng alternativ til Læringssenter og Seim gard. Ønskjer meir praktiske fag som alternativ.
- Ei vurdering av arbeidsveka i ungdomsskulen, knytt til evaluering av rådgjevartenesta

Etter ei totalvurdering av desse innspela, konkluderer rådmannen med at det vil vere positivt å prøve ut ei fadderordning for ungdommar med anna morsmål enn norsk i ungdomsskulane, og tiltaket er lagt til i planen under Utvikling av tenestene, område 3: Meistring og læring for alle.

Eit samanhengande gang- og sykkelvegnett i Lindås kommune vil vere positivt for aktivitet og helse, og bør inngå i overordna planlegging, slik ungdomsrådet uttrykkjer. Innspelet er særleg viktig med omsyn til trafikksikring, folkehelse og arealplanlegging, og er difor sendt over til avdelingar i kommunen med ansvar for dette.

Både ungdomsrådet og Utdanningsforbundet har kommentert lesetilgang til «foreldreportal i Visma flyt skule. Dette er eit prosjekt under grunnskulen, og innspela er formidla til både prosjektleiar og skuleleiarar. Vidare konklusjon med omsyn til dette vil bli handsama i prosjektet.

Ungdomsrådet har også tidlegare signalisert eit behov for å evaluere rådgjevartenesta inkludert organisering av faget utdanningsval, noko som allereie er forankra i Kvalitetsplanen. I tillegg er det starta opp eit prosjekt saman med NHIL og vidaregåande skule kring dette faget, der målsetjinga er å legge til rette for best mogleg yrkesførebuande arbeid i ungdomsskulen, slik at ein sikrar at ungdommane gjer rette val av utdanningsretning. Leiar av ungdomsrådet deltek i dette prosjektet.

## **Helse-Bergen**

Frå Helse-Bergen er det kome innspel om at det er viktig at møteplass for barn som pårørande også blir eit tilbod til barn som har foreldre med alvorleg somatisk sjukdom.

Dette er ei viktig presisering, og rådmannen har endra ordlyden i tiltaket til også å omhandle denne gruppa.

## **Spesialpedagogisk team**

Frå Spesialpedagogisk team barnehage er det kome innspel om at det er for stort fokus på almennpedagoogiske og generelle pedagogiske tiltak i planen, og at spesialpedagogiske tiltak er fråverande som tiltak i tidleg innsats.

Rådmannen har gjort justeringar av teksten i planen, slik at det spesialpedagogiske feltet skal kome tydelegare fram.

### **Helsesøster- og jordmertenesta**

Helsesøster- og jordmertenesta har sendt innspel med ei rekke konkrete framlegg til presiseringar for å tydeleggjere helsestasjonen og skulehelsetenesta si rolle i planen. I grove trekk peikar innspela på at tiltaka ikkje startar ved fødsel, men ved svangerskap og at ein må sikre tiltak rundt gravide også. Det blir også presisert at skulehelsetenesta sitt arbeid går opp til 20 år og at grunnlaget for god læring skjer før fødsel og gjennom første leveår. Helsesøster- og jordmertenesta ber om at deira arbeidsfelt kjem tydlegare fram i planen inkludert arbeid i vidaregåande skule.

Rådmannen har korrigert og gjort endringar i samsvar med desse innspela.

### **Ungdomsskule**

Frå ungdomsskulane og ein rektor ved barneskule er det kome innspel om behov for alternative opplæringsarena, både vidareføring av Seim gard eller Inn på Tunet, utplassering i bedrift eller andre alternativ med fokus på praktisk læring. I planen ligg det inne tiltak om tettare samarbeid mellom næringsliv, NAV, grunnskule og vidaregåande skule.

Etter høyringsrunden har rådmannen lagt til ei presisering om at ein ønskjer tettare samarbeid med offentleg sektor også, då det er mange aktuelle arbeidsplassar i kommunen som skulane kan samarbeide med og slik få til meir praktisk opplæring for elevar. I tillegg har rådmannen lagt til ei konkretisering av alternativ opplæringsarena knytt til lokalsamfunnet, t.d. Inn på Tunet, TAM, arbeid i bedrift.

### **Seim skule**

Lærargruppa og leiinga ved Seim skule støtter den overordna målsetjinga for kvalitetsplanen. Tverrfagleg samarbeid, tidlig innsats og tidleg intervension i arbeidet for å sikra barn og unge i Lindås ein god oppvekst, må vere ein hovudoppgåve for kommunen. Dei støtter planen si skildring av målgruppa, sentrale føringer og innsatsområde. Seim skule peikar på at det med fordel kunne vore skildra fleire konkrete tiltak for ungdommane i Lindås kommune.

Rådmannen har forståing for skulen sitt engasjement for ungdommane i kommunen, og ungdommane er ei prioritert gruppe også frå rådmannen si side. I planen er det fleire tiltak som rettar seg mot ungdommane, t.d. kan ein nemne ny stilling som ungdomskoordinator, program for betre læringsmiljø/redusere krenkingar og mobbing, styrkja helsesøsterfunksjonen, vurdere innføringsklasse for ungdomsskuleelevar med anna morsmål enn norsk, evaluere rådgjevartenesta i grunnskulen, etablere tettare samarbeid med vidaregåande skule, leksehjelp, aktivitetstilbod i delar av sommarferien samt auka involvering av elevråd og ungdomsråd.

Etter høyringa har rådmannen også lagt inn *etablering av fadderordning for ungdomsskuleelevar med anna morsmål enn norsk* som tiltak i planen. Ikke alle tiltaka er finansiert i handlingsplanen for 2017-

2020, men ein må arbeide for å få sett i verk tiltaka så snart som mogleg. Det vil også vere høve til å leggje til fleire tiltak retta mot ungdommar eller andre målgrupper i samband med årleg rullering.

### **FAU Seim skule**

FAU-leiar ved Seim skule har sendt innspel om at ein bør innføre ein time fysisk aktivitet kvar dag for elevane i skulen, saman med grundig dokumentasjon på korleis dette kan gjennomførast.

I praksis går innspelet ut på å endre målsetjinga i planen om *stor grad av fysisk aktivitet i barnehage og skule* til *ein time fysisk aktivitet kvar dag*. Ei målsetjing om stor grad av fysisk aktivitet er lite konkret, og vil truleg bli oppfatta ulikt frå avdeling til avdeling. For å sikre at alle avdelingane set i verk tiltak for auka dagleg aktivitet for barn og unge, har rådmannen difor endra ordlyden i målsetjinga i samsvar med innspelet frå FAU-leiar ved Seim skule. Det er presisert at dette skal vere ein del av det ordinære opplegget, og ikkje skal føre til utvida oppholdstid i barnehage eller utvida skuledag/undervisningstid i skulen. Tiltaket må sjåast i samanheng med tiltak om etablering av årshjul for fysisk forstring, kosthald og helse i barnehage og skule.

### **SU Knarvik Barneskule**

SU ved Knarvik Barneskule ber om at det blir etablert eit innføringskurs på t.d. 2-3 månader for nye framandspråklege elevar, før dei tek til i ein vanleg klasse. Utdaningsforbundet ber om at det blir etablert innføringsplasse også for barneskuleelevar.

Lindås kommune gjennomførte for eit par år sidan ei vurdering av grunnlaget for å etablere ei avdeling med innføringsklassar for grunnskuleelevar i Knarvik. Grunna lang reiseveg og relativt få elevar landa ein den gongen på at dette ikkje var aktuelt å setje i verk. Med auka mottak av flyktningar til kommunen, har dette grunnlaget endra seg noko.

Rådmannen rår likevel til at ein ikkje etablerer denne ordninga for heile grunnskulen med det same, men sikrar seg nokre erfaringar med elevar i ungdomsskulealder i første runde. Ved behov og etter faglege vurderingar, kan ein på eit seinare tidspunkt eventuelt utvide ordninga til også å gjelde barneskuleelevar. Rådmannen har difor ikkje gjort endringar i ordlyden på dette tiltaket, som blir ståande slik: *Etablere innføringsklasse for ungdomsskuleelevar med anna morsmål enn norsk, om det er mange nok elevar.*

### **SU Alversund skule**

SU ved Alversund skule ytrar at dei er svært nøgd med dei målsetjingane som ligg til grunn for utarbeidninga av kvalitetsplanen, og peikar særleg på tydeleggjeringa av tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats.

SU ber om at det i BTI-arbeidet blir vurdert etablering av ei tverrfagleg rådgjevingsgruppe som kan handtere elevsaker. Dei presiserer også at det er viktig å sikre forankring av ulike program hjå dei som skal gjere bruk av verktya, samt etablere gode evaluatingsrutinar i arbeidet.

For å sikre betre tverrfagleg innsats kring barn og unge i kommunen, er det etablert eit prosjekt som arbeider ut metodikk og praksis for dette (BTI-prosjektet). I prosjektet blir behovet for ei tverrfagleg rådgjevingsgruppe som kan handtere elevsaker vurdert. Rådmannen har difor ikkje lagt inn dette som tiltak i kvalitetsplanen. Rådmannen merkar seg innsplet om forankring hjå dei tilsette, og vil ta omsyn til dette i prosessen kring val av program/verkty for betre læringsmiljø og reduksjon av krenkingar og mobbing.

### **SU Leiknes skule**

SU ved Leiknes skule peikar på at ein må sikre oppfølging av systemtiltaka, gjennom kompetanseheving, koordinatoransvar og kursing av nye tilsette. I uttalen kjem det også fram ønskje om konkrete møtepunkt mellom idrettslag, lag og organisasjoner for barn, då barn ofte opplever dei same problema der som i skulen. Dei uttrykkjer ønskje om opplegg for digital kompetanse og nettvet, rutine for overgang ungdomsskule-vidaregåande skule samt temsamlingar for foreldre, PPT og helsesøster.

Rådmannen merkar seg oppmodinga knytt til kvalitetssikring av systemtiltak, og vil ta dette med seg i vidare arbeid. Innspelet knytt til etablering av møteplass mellom idrettslag, lag og organisasjoner for barn og unge samt avdelingar under oppvekst, blir delvis stetta gjennom etablering av eit Oppvekstforum. Det er viktig at dette også blir forankra i idrettsplanen, og difor er innspelet formidla til prosjektleiar i samband med rullering av idrettsplanen.

Innspelet om opplegg for digital kompetanse og nettvet blir etter ei samla vurdering ikkje tatt inn i kvalitetsplanen, men vil høyre naturleg heime i verksemdsplan for grunnskulen i Lindås.

Årlege temsamlingar for føresette, PPT, helsesøstre og tilsette i barnehage og skule kan vere ein eigna arena for utveksling av erfaring og slik byggje fellesskap og forankring. Rådmannen har difor justert oversynet over møtepunkt i kvalitetsplanen og lagt inn to temsamlingar i året.

### **SU Kløvheim skule**

SU Kløvheim skule uttalar at planen har gjennomgåande god kvalitet og at visjonane for arbeidet med denne aldersgruppa er ode og solide. Dei presiserer at det teoretiske må samsvare med det praktiske; at det vert samsvar mellom dei gode visjonane som planen skisserer – på kryss og tvers av etatane – og det som skjer i praksis. Dei gode rutinane må vere på plass.

Det er viktige ting SU ved Kløvheim skule peikar på, og det hjelper lite med visjonar og målsetjingar om ikkje tiltak blir gjennomført. For å sikre samsvar mellom overordna politiske prioriteringar og tenestetilbodet i kommunen, er det frå rådmannen si side vore arbeidd med felles struktur på verksemdsplan for einingar og avdelingar. Det er hovudsakleg gjennom verksemdsplanen at prioriteringar og tiltak i kvalitetsplanen skal sikrast gjennomføring. Verksemdsplan på einingsnivå dannar utgangspunkt for prioriteringar i verksemdsplan på avdelingsnivå.

### **FAU Lindås Barneskule**

FAU Lindås barneskule seier dei er glade for det gode arbeidet som er gjort og trekkjer fram det dei meiner er dei to viktigaste tiltaka: *Styrkja helsesøsterfunksjon i barnehage og skule samt Auka kapasitet til miljøtiltak i skule. Miljøarbeidar eller sosiallærar.*

Rådmannen har merka seg desse innspela.

### **Utdanningsforbundet Lindås**

Utdanningsforbundet i Lindås har kome med innspel til korrektur og språk, i tillegg til ein del konkrete innspel:

- Biletet på framsida representerer ikkje arbeidstakrar over 50-55 år og i tillegg er det skeiv kjønnssamansetjing
- Deltakrar i prosjektgruppa og referansegruppa bør kome tydlegare fram på s. 2
- Skepsis til å opne Visma flyt skule sin «foreldreportal» for foreldre i samband med foreldrekonferansar og undervegsvurering
- Det bør etablerast innføringsklasse også for framandspråklege barneskulelevar
- Reduksjon i spesialpedagogisk hjelp føreset ei auka grunnbemanning til ordinær opplæring og styrkingstiltak, som må takast høgde for når ressursar blir tildelt
- Sommarskule: Positiv til ein type «ferieklubb» med ulike aktivitetstilbod, men mot ei utviding av skuleåret
- Må sikre at representantar frå tilsette som skal nytte ulike metodar og program, får vere med å velje og evaluere desse, samt kontunuerleg vedlikehald av metodar og program

Rådmannen har endra ordlyd og tekst etter innspel frå Utdanningsforbundet. I samband med fotografering av tilsette, barn og unge vart det sendt ut oppmading til alle leiarane om å hjelpe til å skaffe deltakrar. Målsetjinga var å presentere alle einingane under oppvekst, og det klarte vi. Ved eit seinare høve kan vi ta med oss poenget om at slike fellesbilete bør synleggjere mangfaldet både med omsyn til kjønn og alder.

Deltakarane i prosjekt- og referansegruppa er ikkje presentert i føreordet til planen, slik Utdanningsforbundet ber om. Rådmannen har vurdert det som tilstrekkeleg at gruppene er skildra under kapittelet Prosess, oppfølging og evaluering.

Utdanningsforbundet sitt innpel med omsyn til «foreldreportal» Visma flyt skule blir handsama gjennom prosjektet for dette arbeidet.

Ved å redusere omfanget av spesialundervisning i grunnskulen, blir det frigitt midlar til den ordinære opplæringa. Dette er i samsvar med innspelet frå Utdanningsforbundet. Årlege rammer til skulane må sjåast i samanheng med overordna budsjetttramme i kommunen.

Rådmannen ser at ordet *Sommarskule* er lite presist og kan tolkast i ulike retningar, og har endra ordlyden til *Aktivitetstilbod for barn og unge i kommunen i delar av sommarferien.*

Rådmannen har merka seg innspelet med omsyn til medverknad når val av program/tiltak skal gjenomførast og vil ta omsyn til dette i vidare arbeid.

## **Inn på Tunet**

7 av innspela omhandlar Inn på Tunet, og dei formidlar eit ønskje om at Inn på Tunet blir forankra som eit allmennpedagogisk tiltak i Kvalitetsplanen samt at kommunen fører vidare Inn på Tunet som ein alternativ opplæringsarena for elevar som av ulike årsaker treng eit alternativ til den vanlege skulen og klasserommet.

Fleire av innspela har likelydande tekst, som oppmodar om at:

- Inn på Tunet vert forankra som tiltak i dette plandokumentet og må difor kome med som eit tiltak under førebyggjande program på s. 33 i planen
- Inn på tunet vert eit allmennpedagogisk tiltak, gjerne retta mot mellomtrinnet. Her har Lindås kommune ein velprøvd modell gjennom samarbeidet mellom Skodvin skule og Træland gard. Dette tiltaket vert no ført vidare med Skodvin Montessori skule. Lindås kommune bør ha som mål å ta i bruk eit slikt tiltak på mellomtrinnet på alle barneskulane i kommunen
- Kommunen fører vidare Inn på Tunet som ein alternativ opplæringsarena for elevar som av ulike årsaker treng eit alternativ til den vanlege skulen og klasserommet. Her har Lindås kommune meir enn 20 års erfaring med eit slikt tiltak på Sem gard.

Rådmannen har merka seg engasjementet kring Inn på Tunet generelt og Seim gard spesielt, og ser klårt at det er behov for alternative opplæringsarenaer også for framtida. Dette er allereie lagt inn i planen under utvikling av tenestene, område 2: Trivsel, deltaking og meistring.

Rådmannen har vurdert om Inn på Tunet skal forankrast som eit tiltak i planen, og slik sikre vidareføring av konseptet i kommunen i planperioden eller om det skal vere opp til einingane og avdelingane å avgjere kva for alternativ opplæringsarena som til ei kvar tid skal nyttast.

I høyringsprosessen har det kome fram ønskje om bedriftsrelatert alternativ arena, i tillegg til dei som er etablert i kommunen i dag. Frå hausten 2016 startar kommunen opp med TAM-prosjekt i regi av Norges jeger- og fiskarlag, der elevar får ein alternativ skuledag med fokus på jakt og fiske langs kysten vår.

Kvalitet og resultat med omsyn til elevane som skal ha ein del av opplæringa si på ein alternativ arena, vil vere sterkt avhengig av eleven sine behov og tilbodet den alternative opplæringsarenaen kan gi. Behov kan endre seg over tid, og det same kan tilbydarar av tilbodet. Eit svært godt tiltak i dag kan endre seg med andre rammefaktorar. Opplevd kvalitet vil i stor grad vere knytt til personlege og relasjonelle tilhøve.

Rådmannen har etter ei totalvurdering landa på at det er skuleeininga som må avgjere kva som til ei kvar tid er eigna alternativ opplæringsarena, og at dette kan forankrast i overordna verksemgsplan for grunnskulen. For å synleggjere at kommunen i dag har etablert samarbeid med ulike alternative opplæringsarenaer, er *Inn på Tunet, TAM og arbeid i bedrift* lagt til som døme i planen, under utvikling av tenestene, område 2: Trivsel, deltaking og meistring. Rådmannen synleggjer med dette Inn på Tunet som eit mogleg tiltak i Kvalitetsplanen.

## **Barnehage**

Frå barnehage er det kome innspel om at Lindås kommune er i lågaste sjiktet med omsyn til tal barn pr. pedagog, som vil seie 18 barn pr. pedagog på avdelingar for barn over 3 år og 9 barn pr. pedagog på avdelingar for barn under 3 år. Dei peikar på at det vil vere lettare å nå målsetjingane i planen med færre barn pr. pedagog. Vidare reagerer dei på at tiltak for å etablere standard for vaksenressurs i barnehage ikkje blir prioritert i handlingsplanen for dei fire komande åra.

I Kvalitetsplanen er det synleggjort eit behov for å fastsetje ein standard for bemanning i barnehagane, då Lindås kommune ligg lågt både med omsyn til pedagog og andre tilsette i barnehagane. Generelt er det behov for å redusere tal barn pr. pedagog samt auke tal assistenter og fagarbeidrar ved avdelingane. Det er også behov for å auke kompetansenivået til tilsette i barnehagane. Dette er i samsvar med oppmodinga frå barnehage.

I handlingsplanen for 2017-2020 er det lagt inn auke i styrkingsressursen for barnehage med tilsaman kr. 1.000.000 fordelt over fire år. Denne ressursen går til barnehagar med samansette behov i barnegruppene og blir tildelt etter søknad med skildring av tiltak barnehagen ønskjer å setje i verk. Styrkingsressursen skal nyttast til tidleg innsats retta mot barnegrupper, ikkje einskilde barn, slik som ved spesialpedagogisk hjelp etter sakkunnig vurdering og enkeltvedtak. Barnehagen skal dokumentere bruk av styrkingsressursen og vurdere effekt av tiltak som er gjennomført.

Rådmannen vurderer at auka styrkingsressurs kan kompensere noko for låg bemanning i barnehagen, då denne ressursen skal gå til avdelingar eller barnehagar med hehov for å setje i verk tiltak ut over det ordinære opplegget i barnehagen. Rådmannen har ikkje funne rom til å fastsetje standard for bemanning i barnehagen som inkluderer at det skal vere 6 barn pr. årsverk i barnehagen innafor komande økonomiplanperiode, og slik heller ikkje i handlingsplanen 2017-2010, knytt til kvalitetsplanen. Dette er eit tema rådmannen vil kome tilbake til ved rullering av planen.

### **Forsøk leksefri skule**

Frå ein innbyggjar er det kome innspel om at det blir sett i verk forsøk med leksefri skule ved ein eller fleire skular i kommunen. I innspelet argumenterer innsendar for at dagens lekseordning i stor grad opprettheld skilnader i samfunnet, då leksene i stor grad er tilpassa dei allereie skuleflinke elevane. Dette ut frå eit ønskje om at alle skulane i kommunen skal vere inkluderande for alle elevane og tru på at eit slikt forsøk kan bidra til ein betre og meir positiv skulekvardag for mange barn og unge i kommunen.

Dette er eit innspel som rådmannen ønskjer å diskutere saman med rådsorgana i grunnskulen, og blir difor tatt opp i kommunalt foreldreutval når det er etablert.

### **Vedlagte saksdokument:**

Kommuneplan-for-oppvekst_2016-2028 Framlegg frå rådmannen etter høyring 15.8.16	124622	15.08.2016
Innspel til kommunedelplan for skule i Lindås kommune - Knarvik ungdomsskule	116058	15.08.2016
Uttale til Kvalitetsplanen for oppvekst 2016 - 2028 - Lindås barneskule	115932	15.08.2016
innspel -kvalitetsplan , rektor	115933	15.08.2016
Kvalitetsplanen FAU	115934	15.08.2016

Uttale til Kvalitetsplan for oppvekst 2016 - 2028 SU	115930	15.08.2016
Leiknes skule		
Uttale til Kvalitetsplan oppvekst 2016 - 2028	115929	15.08.2016
Uttale til Kvalitetsplan for oppvekst 2016 - 2028 -	115927	15.08.2016
Haugen barnehage		
Innspel til høyring på Kvalitetsplan for oppvekst 2016	115928	15.08.2016
Uttale - Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2018 - Seim skule	115920	15.08.2016
Høyringssvar - Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2018 (L)(173831)	115921	15.08.2016
Uttale vedk Kvalitetsplanen for oppvekst 2016 - 2028 - Spes.ped barnehageteamet	115901	15.08.2016
Uttale om Kvalitetsplanen, 10.6.16	115902	15.08.2016
Uttale til Kvalitetsplan for oppvekst 2016 - 2028 SU	115879	15.08.2016
Kløvheim skule		
Uttale	115880	15.08.2016
Uttale til Kvalitetsplan for oppvekst 2016 - 2028 Spes.ped teamet	115872	15.08.2016
Uttale til Kvalitetsplan for oppvekst 2016 - 2028	115871	15.08.2016
Høyringsuttale til Kvalitetsplan oppvekst -	115750	15.08.2016
Utdanningsforbundet Lindås		
Uttale til Kvalitetsplan for oppvekst	115751	15.08.2016
Innspel til høyring av kommunedelplan oppvekst -	115663	15.08.2016
Helsesøster og jordmortenesta i Lindås		
Innspel til høyring oppvekst	115664	15.08.2016
Høyringsuttale til Kvalitetsplan for Oppvekst 2016 - 2018	115661	15.08.2016
Juvikstølen barnehage		
Høyring Kvalitetsplan for Oppvekst innspel Juvikstølen barnehage	115662	15.08.2016
Innspel til kommuneplan oppvekst - Lindås ungdomsskule	115625	15.08.2016
Innspel kommuneplan oppvekst	115626	15.08.2016
Høyringsuttale fra Landbruksfagrådet i Lindås til kommunedelplan for Oppvekst	115623	15.08.2016
INNSPEL TIL KOMMUNEDELPLAN 2016	115624	15.08.2016
Uttale - Kvalitetsplan for påvekst 2016 - 2028. - Knarvik barneskule SU	115557	15.08.2016
Særutskrift 8.6.16.	115558	15.08.2016
Høyringsuttale - kvalitetsplan for oppvekst - Ostereidet ungdomsskule	115465	15.08.2016
Høyringsuttale - kvalitetsplan for oppvekst	115466	15.08.2016
Innspel til kommunedelplan skule 2016 - 2028 - Reidar Konglevoll	115430	15.08.2016
Innspel til kommunedelplan skule	115429	15.08.2016
Merknad til høyring - kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028 - SU Alversund skule	114317	15.08.2016
Merknad til høyring - kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028(1)	114318	15.08.2016
Forslag til Kvalitetsplan Oppvekst - bevegelse i skolen	113948	15.08.2016
Bevegelse i skolen	113949	15.08.2016
Bevegelse i skolen 3	113950	15.08.2016
Bevegelse i skolen 2	113951	15.08.2016

Bevegelse i skolen nr 4	113952	15.08.2016
Kvalitetsplan oppvekst - kommentar Seim Gard	113946	15.08.2016
Kvalitetsplan oppvekst - kommentar	113947	15.08.2016
Høyringskommentarer til Kvalitetsplan frå SU i	113613	15.08.2016
Juvikstølen barnehage		
Høyringskommentarer til Kvalitesplan Lindås kommune	113614	15.08.2016
Leksefri skule	77727	15.08.2016

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost